



Innst. S. nr. 80

(2003-2004)

Innstilling til Stortinget frå kommunalkomiteen

St.meld. nr. 6 (2003-2004)

Innstilling frå kommunalkomiteen om kostnadsnøkkel for sosiale tenester i inntektssystemet for kommunane

Til Stortinget

SAMANDRAG

I proposisjonen vises det til at variasjoner i kommunenes utgiftsbehov knyttet til rus og psykiatri ikke er godt nok fanget opp gjennom kriteriene i dagens inntektssystem.

Spørsmål om oppfølging på området har vært reist flere ganger i Stortinget. Ved behandlingen av kommuneproposisjonen for 2002 ba et flertall i kommunalkomiteen om at regjeringen vurderte behandlingen av kommunenes rus- og psykiatrikostnader i inntektssystemet. Ved stortingsbehandlingen av kommuneproposisjonen for 2003 ble spørsmålet igjen tatt opp av kommunalkomiteen:

"Komiteen mener det er ønskelig at disse utgiftsvariasjonene kommunene i mellom fanges opp i inntektssystemet. Kommunal- og regionaldepartementet har satt i gang et forskningsprosjekt som skal utarbeide kriterier for å fange opp nevnte utgiftsforskjeller i inntektssystemet og komiteen har merket seg dette. Komiteen har forståelse for at slike utgiftsutjevnerende kriterier ikke har vært mulig å utarbeide for inntektsåret 2003, men forventer at regjeringen finner en permanent løsning på utfordringen fra inntektsåret 2004."

I Innst. S. nr. 259 (2002-2003) Innstilling fra kommunalkomiteen om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2004 ble forslaget til ny kostnadsnøkkel for sosiale tjenester som ble lagt fram i kommuneproposisjonen, behandlet. På grunnlag av forslag fra Fremskrittspartiet fattet Stortinget følgende vedtak:

"Stortinget ber Regjeringen høsten 2003 fremme en egen sak for Stortinget vedrørende endringer i kostnadsnøkkelen for kommunesektoren. Saken fremmes parallelt med framleggelsen av statsbudsjettet 2004."

I meldingen gjennomgås departementets arbeid med kommunenes utgiftsbehov knyttet til rus- og psykiatriproblemer. Regjeringen tilrår at delkostnadsnøkkelen for sosiale tjenester som ble foreslått i kommuneproposisjonen for 2004 inngår i kommunenes inntektssystem fra og med budsjettåret 2004. Den eksisterende og den foreslåtte delkostnadsnøkkelen vises i tabell 1.

Tabell 1 Delkostnadsnøkkelen for sosiale tjenester i inntektssystemet for kommunene

Kriteriene	Dagens sosial- hjelpsnøkkel Vekt	Ny sosial- hjelpsnøkkel Vekt
Innbyggere 16-66 år	0,033	0,000
Skilte og separerte 16-59 år	0,626	0,286
Arbeidsledige 16-59 år	0,282	0,128
Innvandrere fra ikke-vestlige land	0,059	0,065
Urbanitetskriterium (folketall opphøyd i 1,2)	0,000	0,521
Sum	1,000	1,000

Kommunal- og regionaldepartementet har foretatt et omfattende arbeid for å utarbeide kriterier i inntektssystemet som fanger opp utgiftsvariasjonene knyttet til rus- og psykiatriproblemer. Statens institutt for rusmiddelforskning (SIRUS) fikk i oppdrag å bistå departementet i dette arbeidet. Forskergruppens arbeid har vært fulgt av en referansegruppe med deltagere fra Sosialdepartementet, Helsedepartementet og Statistisk

sentralbyrå. Kommunenes Sentralforbund har deltatt på ett av møtene i referansegruppen.

En høy andel mennesker med rusproblemer og/eller psykiatriske problemer virker først og fremst utgiftsgenererende på kommunenes sosialhjelpsutgifter. Dagens delkostnadsnøkkel for sosiale tjenester bygger på analyser av data fra 1993. Alle relevante utgifter knyttet til rusmisbruk ble ikke inkludert ved beregning av delkostnadsnøkkelen. Kriteriene i nøkkelen fanger fortsatt i stor grad opp variasjoner i kommunenes sosialhjelpsutgifter, men forklarer i sum mindre av kommunenes utgiftsbehov enn før.

Forslaget til ny kostnadsnøkkel innebærer at kriterier og vekter i delkostnadsnøkkelen for sosiale tjenester oppdateres på grunnlag av tall fra 2001. For bedre å fange opp kostnadsvariasjonene knyttet til rus og psykiatri tilrå departementet at det innføres et urbanitetskriterium (basert på folketall). Et urbanitetskriterium må sees som en indikator som fanger opp en rekke sosioøkonomiske forhold som påvirker kommunenes rus- og psykiatriutgifter, og som ikke blir fanget opp gjennom de øvrige kriteriene. I tillegg til at kriteriet forklarer deler av variasjonen i sosialhjelpsutgiftene kommunene i mellom, er det også objektivt i den forstand at det ikke er påvirkbart av kommunenes egne disposisjoner.

Som det framgår av arbeidet til SIRUS er det vanskelig å finne alternative mål til dagens kriterier i kostnadsnøkkelen for sosiale tjenester som i større grad fanger opp utgiftsvariasjonen kommunene i mellom. Når det gjelder personer med rus- og psykiatriske problemer, er det ifølge SIRUS ikke mulig gjennom tilgjengelig statistikk å anslå størrelse på brukergruppene på kommunenivå. Det vil også være vanskelig å utarbeide slik statistikk av hensyn til personvernet, og en må påregne mørketall ved større kartlegginger. Som det er drøftet i meldingen, er det også vanskelig å finne eksakte mål på kostnadene knyttet til rus- og psykiatriproblemer i kommunene. De to alternative målene til urbanitetskriteriet som ble foreslått av SIRUS, antall rusrelaterte diagnoser og antall innleggelses- og konsultasjoner, er begge beheftet med problemer når det gjelder objektivitet og statistisk pålitelighet. På bakgrunn av dette mener departementet at det foreslåtte urbanitetskriteriet er et godt kriterium for å fange opp variasjoner i kostnadene ved sosiale tjenester, inklusive de indirekte og direkte kostnadene ved rus- og psykiatriproblemer.

I samsvar med kommunenes direkte utgifter til tiltak for rusmiddelmissbrukere, tilrå departementet at delkostnadsnøkkelen for sosiale tjenester gis høyere vekt og får dermed større gjennomslag i kommunenes samlede kostnadsnøkkel.

Hovedstadstilskuddet til Oslo kommune er blant annet begrunnet med at Oslo har et høyt utgiftsnivå knyttet til rus og psykiatri. Når det nå innføres et kriterium som fanger opp variasjoner i kommunenes utgiftsbehov knyttet til rus og psykiatri, vil departementet tilrå at hovedstadstilskuddet til Oslo kommune gradvis avvikles. Departementet vil videre tilrå at det

midlertidige storbytilskuddet som ble innført i 2003, gradvis avvikles.

Endringer i tilskudd grunnet ny kostnadsnøkkel for sosiale tjenester, og avviklingen av hovedstadstilskuddet og storbytilskuddet vil omfattes av overgangsordningen i inntektssystemet. Dette medfører at endringene kun får 20 pst. gjennomslag i 2004.

For kommuner hvor endringen medfører betydelig nedgang i inntekt, vil det bli gitt kompensasjon gjennom skjønntilskuddet. Kompensasjonen vil bli sett i forhold til andre endringer i inntektssystemet, jf. nærmere omtale under programkategori 13.70 i Kommunal- og regionaldepartementets budsjettproposisjon for 2004. Noen kommuner kan i kortere eller lengre tid ha betydelige utgifter på grunn av rus- og psykiatriproblemer som ikke fanges opp av den foreslåtte kostnadsnøkkelen. Gjennom retningslinjene for tildeling av ordinært skjønn skal dette fanges opp på linje med øvrige ekstraordinære utgifter.

Samtidig med at meldingen legges fram, nedsetter Regjeringen et nytt inntektssystemutvalg. I mandatet bes utvalget om å foreta en faglig gjennomgang av fordelingsmekanismene i inntektssystemet, både inntekts- og utgiftsutjevningen. Utvalget er bedt om å levere sin innstilling innen 1. juli 2005. Eventuelle endringer som følge av utvalgets arbeid kan derfor tre i kraft 1. januar 2007.

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sigvald Oppebøen Hansen, Reidar Sandal, Karl Eirik Schjøtt-Pedersen og Signe Øye, frå Høgre, Peter Skovholt Gitmark, Hans Kristian Hogsnes og Kari Lise Holmberg, frå Framstegspartiet, Torbjørn Andersen og Per Sandberg, frå Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen og Heikki Holmås, frå Kristeleg Folkeparti, Anita Apelthun Sæle og Ivar Østberg, og frå Senterpartiet, leiaren Magnhild Meltveit Kleppa, viser til at spørsmålet om rus- og psykiatrikostnader i kommunane har vore vurdert fleire gonger i Stortinget dei siste åra. Under behandlinga av Kommuneproposisjonen for 2003 blei det uttalt at det er ønskjeleg at utgiftsvariasjonane mellom kommunane blir fanga opp i inntektssystemet.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, peiker på at i Innst. S. nr. 259 (2002-2003) Innstilling fra kommunalkomiteen om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2004, blei det ikkje tilslutning til forslaget frå Regjeringa om ny kostnadsnøkkel for sosiale tenester. Fleirtalet viser til at Regjeringa blei beden om å fremme eiga sak for Stortinget, og at denne blei lagt fram parallelt med statsbudsjettet for 2004.

Fleirtalet konstaterer at Regjeringa i St.meld. nr. 6 (2003-2004) har fremma det same forslaget til ny

kostnadsnøkkel for sosiale tenester som blei presentert i St.prp. nr. 66 (2002-2003) Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2004 (kommuneproposisjonen).

Fleirtalet meiner dette er klart uheldig fordi det ikkje gir Stortinget det handlingsrommet som det er bede om.

Fleirtalet viser til at ei rekkje kommunar har store utfordringar innanfor rusomsorg og psykiatrisektoren. I stortingsmeldinga blir det peikt på at når det gjeld variasjonar i talet på rusmisbrukarar mellom kommunane, er det mykje som tyder på at problema er størst i dei største byane. Fleirtalet har dessutan merka seg at også når det gjeld narkotika, indikerer tala at problema er større i storbyane og særleg i Oslo enn i landet elles.

Fleirtalet poengterer at sjølv om narkotikaproblema i gjennomsnitt er størst i storbyane, er det teikn på at fleire andre større byar utanom storbyane kan ha vel så store brukargrupper relaterte til befolkninga. Dessutan legg fleirtalet vekt på at veksten i narkotikaproblema ser ut til å vere størst utanom storbyane.

I stortingsmeldinga blir det peikt på at det er vanskeleg å vise til kommunerelaterte tal når det gjeld variasjonar i talet på innbyggjarar med psykiatriske problem. Fleirtalet har merka seg dette.

Fleirtalet meiner at det forslaget til ny kostnadsnøkkel for sosiale tenester som Regjeringa har lagt fram, har uønskte fordelingsverknader. Ei rekkje kommunar med store utfordringar innanfor rusomsorg og psykiatrisektoren blir skadelidande etter det nye systemet.

Fleirtalet har merka seg at fleire kommunar som har fått storbytilskot, taper på den ordninga som Regjeringa foreslår. For Fredrikstad og Drammen er tapet på høvesvis 2,6 mill. kroner og 6,5 mill. kroner. Dessutan vil andre bykommunar med særlege utfordringar innanfor rusomsorg og psykiatrisk behandling tape på forslaget til ny kostnadsnøkkel for sosiale tenester. Fleirtalet viser i den samanhengen til at Haugesund taper 6,5 mill. kroner. Kristiansund vil få eit inntektsbortfall på 7 mill. kroner.

Fleirtalet vil gi ei eksemplifisering for Skien og Asker. Dei nemnde kommunane har om lag likt folketal. Asker har låg kostnadsindeks for levekår, noko som skal vere ein indikasjon på at dei sosiale kostnadene er relativt låge. Asker har ca. 250 mill. kroner meir i inntekter pr. år enn Skien. Med grunnlag i den kostnadsnøkkelen som Regjeringa har foreslått, vil Asker få ca. 15 mill. kroner meir til dekning av sosiale utgifter. Skien derimot, som har vesentleg lågare skatteinntekter og høgare sosiale utgifter, vil tape ca. 10 mill. kroner pr. år på den nye kostnadsnøkkelen.

Fleirtalet vil også vise til at ein skattesterk kommune som Bærum vil få i overkant av 46 mill. kroner i auka inntekt for året etter det nye systemet. Verdal derimot er ein av dei kommunane som taper mykje på innføring av den nye kostnadsnøkkelen. Tapet utgjer 5 mill. kroner pr. år. Dette er ein stor inntektssvikt for ein kommune med knapt 14 000 innbyggjarar som har sær-

leg store utfordringar innanfor rusområdet. Fleirtalet meiner at det er urimeleg å innføre eit nytt element i inntektssystemet som ikkje finn tilfredsstillande løysing for ei rekkje kommunar med store plikter innanfor rusområdet og psykiatrisk behandling. Mange kommunar vil ikkje få kompensert for høge utgifter på dei nemnde tenesteområda. Fleirtalet må på dette grunnlaget avvise det forslaget som er lagt fram frå Regjeringa.

Fleirtalet konstaterer at Regjeringa ikkje har utarbeidd ein ny kostnadsnøkkel for sosiale tenester som gir ei meir treffsikker ordning sjølv om saksordføraren oppmoda om det i skriv datert 24. oktober 2003.

Fleirtalet meiner at kostnadsnøklane skal vere fagleg grunnngivne. Det er summen av kriterium og vektorer som i stor grad bestemmer om kostnadene for kommunane blir utjamna. Fleirtalet konstaterer at det er gjort vesentlege endringar i vektene i den nye kostnadsnøkkelen, og at urbanitetskriteriet får spele ei svært sentral rolle. Konsekvensen av dette er etter fleirtalet sitt syn at mange kommunar med store utgifter til rusomsorg og psykiatrisk behandling får forverra sin økonomiske situasjon.

Fleirtalet konstaterer at det ikkje er gitt eintydig svar på om dei faktiske utgiftene til rusomsorg og psykiatrisk behandling i kommunane blir fanga betre opp gjennom den nye kostnadsnøkkelen enn etter det tidlegare systemet.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet viser til at det skal brukast skjønnsmidlar for å bøte på utslag av den nye kostnadsnøkkelen. Det er eit paradoks at det blir foreslått å innføre eit system som fangar opp utgiftsvariasjonane så dårleg at mange kommunar må kompensereast gjennom skjønnsmidlar. Desse medlemene meiner at dette til fulle viser kor lite treffsikkert det foreslåtte systemet faktisk er.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, meiner at det må takast omsyn til levekår i kommunane når kostnadsnøkkelen for sosiale tenester skal fastsetjast.

Fleirtalet legg vekt på at kostnadsnøkkelen for sosiale tenester skal vere fagleg forankra, og at han skal ha legitimitet i kommunane.

Fleirtalet viser elles til komiteen si høyring om St.meld. nr. 6 (2003-2004) der det dominerande synspunktet var at forslaget til ny kostnadsnøkkel for sosiale tenester ikkje burde bli vedteke.

Fleirtalet meiner at Regjeringa må arbeide vidare med saka og fremme nytt forslag til kostnadsnøkkel i samsvar med dei føringane som det er gjort greie for ovanfor. Fleirtalet ber om at Regjeringa fremmar slikt forslag i Kommuneproposisjonen for 2005.

Fleirtalet poengterer at inntil ny kostnadsnøkkel for sosiale tenester kan takast i bruk, må den noverande ordninga med hovudstadstilskot og mellombels storbytilskot førast vidare.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet fremmar derfor følgjande forslag:

"Stortinget ber Regjeringa utarbeide forslag til ny kostnadsnøkkel for sosiale tenester i Kommuneproposisjonen for 2005. Inntil ny kostnadsnøkkel kan takast i bruk, blir noverande ordning med hovudstadstilskot og mellombels storbytilskot vidareført.

Stortinget gir Regjeringa fullmakt til å fordele midlar på kap. 571 post 60 til hovudstadstilskot og mellombels storbytilskot etter same fordeling som blei nytta for 2003."

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Sosialistisk Venstreparti og Kristelig Folkeparti, mener at forslaget til ny kostnadsnøkkel for sosiale tenester som Regjeringa har lagt fram, har fordelingsvirkninger som imøtekommer muligheten for en rekke større kommuner til å kunne gi et bedre tilbud til sine innbyggere.

Imidlertid registrerer flertallet at den foreslåtte endringen medfører at noen kommuner, med til dels store utfordringer innenfor rusomsorg og psykiatrisektoren, eksempelvis Sandefjord, Fredrikstad, Skien, Haugesund, Kristiansund og Verdal, isolert sett faller negativt ut. Flertallet viser til at dette også skyldes andre endringer enn forslaget til nytt urbanitetskriterium, bl.a. bidrar svært store strukturelle endringer som har skjedd i befolkningen siden dagens kostnadsnøkkel ble utredet (andel innvandrere, arbeidsledighet, antall skilte mv.), og oppdaterte tall for dette, til endringer kommunene imellom. Blant annet har det siden 1993 vært en dobling av innvandrerbefolkningen.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti, konstaterer at underlagsmaterialet fra SIRUS viser at en høy andel innbyggere med rusproblemer og/eller psykiatriske problemer i kommunene først og fremst virker utgiftsgenererende på sosialhjelpsbudsjettet. Derfor er det relevant å innrette inntektssystemet slik at kommunene kompenseres gjennom delkostnadsnøkkelen for sosiale tenester slik departementet har foreslått.

Disse medlemmer viser til at departementet, blant annet i brev av 26. november 2003 til Arbeiderpartiets stortingsgruppe, har påvist at sosialhjelpsutgiftene er ulikt fordelt kommunene imellom, at variasjonene er meget store, og at tendensen er at utgiftene per innbygger øker i tråd med økning i folketallet.

En ren oppdatering av nøkkelen uten urbanitetskriteriet ville føre til en omfordeling til Oslo på bekostning av alle andre kommuner. Disse medlemmer viser til at det ikke er mulig å fange opp absolutt alle kostnadsskapende forhold gjennom en kostnadsnøkkel, og at det er vanskelig å finne noe mønster i hvilke kommuner som ikke blir tilstrekkelig kompensert.

Disse medlemmer viser til at det allerede er forutsatt en gradvis gjennomføring av den nye kostnadsnøkkelen over fem år. Videre viser disse medlemmer til at de kommuner som, som følge av gjennomføring av fire endringer i inntektssystemet som ble påbegynt i 2002, samt nye delkostnadsnøkler for landbruk og miljø og rus og psykiatri, og som har under 110 pst. av gjennomsnittlige skatteinntekter, vil få kompensert tap utover 200 kroner pr. innbygger gjennom skjønnstilskuddet. Disse medlemmer ber likevel departementet gjennomgå konsekvensene for kommuner som faller særlig dårlig ut av endringer av kostnadsnøkkelene i inntektssystemet og som har særskilte og muligens tidsbegrensede utgifter knyttet til rus og psykiatri. Disse medlemmer ber departementet kompensere slike kommuner for ekstraordinære utgifter gjennom skjønnsmidler, i den grad øvrige endringer og tiltak ikke veier opp tap som følge av endringer i kostnadsnøkkelen for rus og psykiatri. Videre ber disse medlemmer om at departementet ber det nedsatte inntektssystemutvalget gjøre en egen vurdering av om og hvordan objektive kriterier kan fange opp særskilt store utgifter forbundet med rus og psykiatri uavhengig av kommunens størrelse.

Disse medlemmer registrerer at vektingen i den foreslåtte kostnadsnøkkelen er basert på faglige analyser, og at disse er i samsvar med SIRUS sine analyser når det gjelder urbanitet. Disse medlemmer mener det er liten grunn til å så faglig tvil om at den nye kostnadsnøkkelen, supplert med skjønn til enkelte kommuner, bedre vil fange opp variasjonene i utgiftsbehov enn dagens system.

Disse medlemmer peker ellers på at denne endringen må ses i sammenheng med de allerede vedtatte endringer i kriteriene for landbruk og miljø.

Disse medlemmer mener at det må tas hensyn til levekår i kommunene når kostnadsnøkkelen for sosiale tenester skal fastsettes, men kun i den grad faglige analyser viser at slike levekårsfaktorer bidrar til å forklare variasjoner i utgiftsbehov som kommunene har ansvar for.

Disse medlemmer antar at analysemetoder og datagrunnlag ikke vil bli vesentlig bedre i løpet av den korte tiden fram til Kommuneproposisjonen skal fremlegges, og anmoder derfor Regjeringa om å komme tilbake til dette arbeidet i forbindelse med oppfølgingen av arbeidet til Inntektssystemutvalget.

Disse medlemmer viser til at finanskomiteen i Budsjett-innst. S. nr. 1 (2003-2004) har lagt til grunn en fordeling som foreslått i St.meld. nr. 6 (2003-2004).

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti viser til at forslag til ny delkostnadsnøkkel for sosiale tenester er blitt et urbanitetskriterium og reflekterer lite kommunenes utgifter til rus og psykiatri eller levekårsparametere, og at fordelingen etter kriteriet ikke bare gir utilsiktet tap for kommuner med store levekårsproblemer og lave inntekter, men også utilsiktet gevinst for høyinntektskommuner som Asker og Bærum.

Disse medlemmer vil påpeke at særlig de aller største byene og særlig Oslo som hovedstad, har oppgaver som andre ikke har, og at det er rimelig at det gis økte tilskudd til disse oppgavene. Disse medlemmer vil holde fast ved forpliktelsene fra behandlingen av Innst. S. nr. 259 (2002-2003) å sørge for at Oslo og Bergen sikres inntekter på linje med det de ville få ved den foreslåtte omleggingen og viser til følgende merknad fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti:

"Disse medlemmer mener de økte ressursene som tilflytter Oslo og Bergen, er velbegrunnet og støtter en slik styrking av kommuneøkonomien i de to kommunene."

Disse medlemmer viser til at denne saken fokuserer bare på ny utgiftsutjamning. Flere av de kommunene som får store økte inntekter ved ny kostnadsnøkkel, har høyere inntekter enn mange av de som taper på omlegginga. Disse medlemmer vil derfor påpeke at det er like nødvendig å få en mer riktig inntektsutjamning og viser til egne forslag og merknader i Kommuneproposisjonen for 2004 og i Budsjettinnst. S. nr. 5 (2003-2004) om mer symmetrisk inntektsutjamning.

Disse medlemmer mener derfor at saken bør utredes bedre. Disse medlemmer går inn for å videreføre dagens ordning med storby- og hovedstadstilskudd.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen utarbeide forslag til ny kostnadsnøkkel for sosiale tjenester i Kommuneproposisjonen for 2005. Inntil ny kostnadsnøkkel kan tas i bruk, blir nåværende ordning med hovedstadstilskudd og midlertidig storbytilskudd videreført.

Stortinget gir Regjeringen fullmakt til å fordele midler på kap. 571 post 60 til hovedstadstilskudd og midlertidig storbytilskudd etter samme fordeling som ble benyttet for 2003, men likevel slik at Oslo og Bergen kompenseres på nivå med 1. årsvirkning av Regjeringens forslag til kostnadsnøkkel."

FORSLAG FRÅ MINDRETAL

Forslag frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet:

Forslag 1

Stortinget ber Regjeringa utarbeide forslag til ny kostnadsnøkkel for sosiale tenester i Kommuneproposisjonen for 2005. Inntil ny kostnadsnøkkel kan takast i bruk, blir noverande ordning med hovudstadstilskot og mellombels storbytilskot vidareført.

Stortinget gir Regjeringa fullmakt til å fordele midlar på kap. 571 post 60 til hovudstadstilskot og mellombels storbytilskot etter same fordeling som blei nytta for 2003.

Forslag frå Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 2

Stortinget ber Regjeringen utarbeide forslag til ny kostnadsnøkkel for sosiale tjenester i Kommuneproposisjonen for 2005. Inntil ny kostnadsnøkkel kan tas i bruk, blir nåværende ordning med hovedstadstilskudd og midlertidig storbytilskudd videreført.

Stortinget gir Regjeringen fullmakt til å fordele midler på kap. 571 post 60 til hovedstadstilskudd og midlertidig storbytilskudd etter samme fordeling som ble benyttet for 2003, men likevel slik at Oslo og Bergen kompenseres på nivå med 1. årsvirkning av Regjeringens forslag til kostnadsnøkkel.

TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til meldinga og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

St.meld. nr. 6 (2003-2004) - Kostnadsnøkkel for sosiale tjenester i inntektssystemet for kommunene - blir lagt ved protokollen.

Oslo, i kommunalkomiteen, den 9. desember 2003

Magnhild Meltveit Kleppa
leiar

Reidar Sandal
ordførar

